



DEN NORSKE KYRKJA

LEIKANGER SOKNERÅD

ÅRSMELDING FOR LEIKANGER KYRKJELYD 2019



MEDLEMER I SOKNERÅDET 2019:

Björg Anda - leiar

Sindre Børsheim Ramung - nestleiar

Tom Sølve Myklebust - sekretær

Bjørn Sandvik Sølsnes, Kolbjørn Nord, Åse Kongsvik, sokneprest Vegard Bondevik Lie

VARAMEDLEMER:

Tove Stensås, Svein Helge Frækaland, Anna Helen Hamre, Jorunn Fosse Fidjestøl,
Tone Britt Myklebust

REPRESENTANT I SOGNDAL OG LEIKANGER KYRKJELEG FELLESRÅD (FELLESRÅDET):

Björg Anda

Vararepresentant: Åse Kongsvik

KOMMUNESTYRET SIN REPRESENTANT I FELLESRÅDET:

Cecilie Njøs

Vararepresentant: Bjørn Sandvik Sølsnæs

**REPRESENTANT I KYRKJELEG FELLESNEMND (SOGNDAL OG LEIKANGER FELLESRÅD OG
BALESTRAND FELLESRÅD)**

Björg Anda

REKNESKAPSFØRRAR FOR SOKNERÅDET OG KYRKJELYDSHUSET:

Kirsti Bergfald Svangstu

REVISOR:

Erna Flatabø

REKNESKAPSFØRRAR FOR KYRKJELYDSBLADET:

Susan Husabø

REVISOR:

Sunneva Husabø

SOKNERÅDSMØTE OG SAKER:

Soknerådet har hatt 11 møte, inklusive årssamling for kyrkjelyden og eitt fellesmøte med sokneråda i Sogndal. Det nye soknerådet var også med på kurs for nye sokneråd på Lyngmo 20.november. Årssamlinga vart halden etter gudstenesta i kyrkja søndag 17. mars, kombinert med kyrkjekaffi. Det var opplesing av årsmelding og gjennomgang av rekneskapen.

Soknerådet handsama i alt 46 saker i 2019.

TRUSOPPLÆRINGSUTVALET:

Hege Feet Askvik var representant i trusopplæringsutvalet i 2019. Ho fortset i 2020.

Varamedlem: Bjørn Sandvik Søsnes

DIAKONIUTVALET

Åse Kongsvik var representant i diakoniutvalet.

Varamedlem: Sunneva Husabø

HUSSTYRET (KYRKJELYDSHUSET)

Gerd Haugen, Odrun Ugulsvik Myklebust, Anne Karin Fredheim Instefjord og representant for soknerådet Kolbjørn Nord, som var leiar.

Nytt sokneråd vart valt i 2019:

Åse Kongsvik - leiar

Signe Eikenes - nestleiar

Tove Stensaas - skrivar

Elin Borlaug Hauge, Jon Erling Oppedal, Tore Oddvin Stølen, sokneprest Vegard Bondevik Lie

VARAMEDLEMER:

Eli Marita Vik Næss, Ida Elisabeth Jørstad Røysum, Grete Hamre, Egil Henning Ytrøy, Siri Andresen

REPRESENTANT I SOGNDAL OG LEIKANGER KYRKJELEG FELLESRÅD (FELLESRÅDET):

Jon Erling Oppedal. Vararepresentant: Elin Borlaug Hauge

KOMMUNESTYRET SIN REPRESENTANT I FELLESRÅDET:

Frode Bøthun for Nye Sogndal Kommune

HUSSTYRET (KYRKJELYDSHUSET) FRÅ HAUSTEN 2019

Tore Oddvin Stølen (leiar), Kjell Sæter, Soleana Giuseppe, Linda G Grinde

FASTEAKSJONSNEMND:

Fasteaksjonen er ein årleg dugnad til inntekt for Kirkens nødhjelp. Den vart halden tysdag 9. april. Det er kyrkjelyden si innsamling, men konfirmantane og konfirmantforeldra gjer ein stor innsats for aksjonen. I 2019 kom det inn kr 28735. Tom Sølve Myklebust og Sindre Børsheim Ramung frå soknerådet organiserte innsamlinga.

Gudstenester

Gudstenestene er navet i kyrkjelyden. Leikanger kyrkje har gudstenester om lag annakvar sundag. I tillegg kjem gudstenester i høgtidene og særskilde gudstenester.

Det var i 2019 totalt 44 gudstenester med totalt 4 010 deltakarar.

Det vore 8 Familiesøndagar i 2019, 4 på våren og 4 på hausten. Opplegget er matservering ein time før gudstenesta startar, øving med borna på nokre av ledda i gudstenesta ein halvtime før gudstenestestart, og så ei familiegudsteneste med nokså fast opplegg, m.a vandringsdel med nattverd som ein av stasjonane. Dei fleste familiesøndagane har starta kl 17 på ettermiddag, med gudsteneste kl 18. Men i samband med LysVaken i november var det frukost kl 10 og gudsteneste kl 11. Denne og 4 av dei andre familiesøndagane er knytt opp til trusopplæringstiltak: Utdeling av 11-årsbibel, Påskefest for alle med utdeling av 6-årsbok, Skulestartgudstenesta og Hausttakkefesten med utdeling av 4-årsbok. Vanlegvis startar familiesøndagane med middag i kyrkjelydshuset, før ein held fram med øving og gudsteneste i kyrkja. Men då kyrkjelydshuset var stengt under oppussinga vinteren 2019, hadde me maten også i kyrkja. Då med ferdiglaga rettar som pizza eller wraps. Dette har fungert fint, slik at det framleis er nokre familiesøndagar som har alt opplegget samla i kyrkjerommet.

Skjærtorsdag var det “Påskesalmar og kaffi” kl 19. Det har òg vore kveldsgudstenester i samband med konfirmantopplegget; Ung messe, presentasjonsgudsteneste og lysmesse. Det har vore kyrkjekaffi etter mange av gudstenestene.

I nemnda for “Salmar og kaffi” har desse vore med: Gerd Haugen, Hege Feet Askvik, Jean Rockwell, Dagny Ugulsvik Alvik, Odrun Ugulsvik Myklebust, Tom Sølve Myklebust, Tove Stensås og Erna Flatabø. Tilsette i nemnda: Hallgeir, Vegard, Monica og Cristina.

Mange er engasjerte som medliturgar (medhjelparar) og deltek med lesing, lystenning, ta inn takkoffer og utdeling av nattverd under gudstenestene. Her er vaksne og konfirmantar saman om oppgåvene. Bjørg Sæter, Kirsti Svangstu, Signe Eikenes, Odrun Ugulsvik Myklebust, Gjertrud Tretteteig, Sindre Børsheim Ramung, Dagny Alvik, Hege Feet Askvik, Gerd Haugen, Bjørn Sandvik Søsnes, Anita Instefjord, Magny Ugulsvik Bukholm, Bjørg Anda og Reidun Sterri Fjeld.

I påska var det «Påskesalmar og kaffi» skjærtorsdag, Pasjonskveld langfredag og høgtidsgudsteneste 1. påskedag.

Julafta var det to gudstenester (kl 14 og 16) Gudstenestene inneheldt flotte musikk - og sanginnslag av lokale krefter i bygda. Første juledag var det høgtidsgudsteneste.



KYRKJELEGE HANDLINGAR I 2019:

15 (20) døypte

28 (29) konfirmantar

4 (4) vigsler

14 (21) gravferder

(tala i parantes 2018)

KONSERTAR/ARRANGEMENT

Gjennom året har det vore fleire konsertar og arrangement i kyrkja.

Sogndal storband og Systrond Damekor heldt konsert i kyrkja laurdag 6.april med "Second sacred Consert" av Duke Ellington.

Julesong 2019 vart arrangert 3. desember med Bjørn Tore Årøy, Børge Askeland,, Einar Bolstad, Kari Malmanger, Gunn Marit, Gjest og Inge Ronny Kvåle, samt Trond Øyre på lyd.

Det var ei stemningsfull *Luciafeiring* i kyrkja torsdag 13. desember kl 0730.





25. september var det ein flott konsert som ein del av kyrkjekunstserien «*Fem i stein*», med m.a. Mari Askvik og Ingrid Askvik. Dei hadde med seg JSB Ensemble Oslo og framførte *My end is my beginning* med musikk av Johann Sebastian Bach.

Den tradisjonelle *julekonserten* med lokale kor og korps, var onsdag 11. desember.

25. desember var det *midnattskonsert* med Leikanger musikklag.

Av andre arrangement som må nemnst er *13. dagsfesten* som i 2019 var på ein søndag og med godt oppmøte. *Fargerik førjulssamling* vart arrangert for femte gong laurdag 8. desember i Kyrkjelydshuset.



DIAKONI OG OMSORG

TYS DAGSTREFFA

Tysdagstreffa heldt fram med Sunneva Husabø og Ingeborg Ugulsvik som ansvarlege for treffa. Dei har hatt mange gode hjelparar, både på kjøkkenet og til andre oppgåver, som td. program.

Det var 14 treff i 2019. Dei kom litt seint i gong på grunn av arbeid med nytt kjøkken i kyrkjelydshuset

Det har vore mellom 20 og 30 på treffa. Hallgeir Øgaard Westli og Vegard Bondevik Lie har vore med på dei fleste treffa, men Mikael Brun har òg hatt andaktar og Bjørn Andresen og Jon Lunde har hjelpt til med musikken.

Reidun Strand har hatt trim og Reidun Vangsnes har vore vikar.

ANSVAR FOR PROGRAM:

Dag Andre Mo, Dagny Ugulsvik, Finn Sundby, Jorun Fosse Fidjestøl Åse Glans Urdal

Mona Teigen, Anna Helene Hamre, Gunhild Nygard, Turid Menes
Trine Nylén, Birte Husum, Mikael Brun, Bjørg Anda, Reidun Sterri Fjell

ANSVAR MAT:

Nils Rendedal, Gerda Alme, Gunnveig Tjønn, Sigrid Gjølringbø, Kjellaug Røyrvik
Signy Aarnes, Ingerda Fossen, Ingbjørge Skårhaug, Randi Berge, Kari Kitty Stadheim,
Marit Velle, Ingeborg Ugulsvik og Sunneva Husabø

MEDHJELPARAR

Borghild Furre, Astrid Stokkenes, Jenny Holen Langeteig, Gerda Christensen, Astrid Breisnes, Solveig Talle
Karin Husabø, Marie Remø, Inger Lereim, Else Berit Værn, Solveig Norum, Margaret Seim, Aud Neverdal
Astrid Buene, Gro Skogli, Margit Flæte, Hjørdis Lefdal, Erna Flatabø, Berit Grinde, Åse Ruth Svedal
Kirsten Jorunn Handeland, Jorunn Eggum, Johanne Høgheim Cirotzki

SKYSS TIL GUDSTENESTENE

Soknerådet organiserte køyring til gudstenestene for dei som treng skyss. Ansvarleg for ordninga var Sindre Børsheim Ramung. Det er få som nyttar seg av ordninga.

TRUSOPPLÆRING

Alle dåpsfamiliar får boka «Arvegull» i dåpssamtalen.

I 2019 var det 15 døypte.

Babysong har samlingar for born mellom 0-1 år. Kyrkjelydspedagog Birte Husum er leiar for babysongen, dei første samlingane i 2019 hadde Vegard Bondevik Lie ansvar for. Kantor Hallgeir Øgaard Westli er med på samlingane, som er i kyrkjelydshuset. Etter ei økt med song og regler er det tid for mat og prat. To frivillige medarbeidarar lagar formiddagsmat. I tillegg til å lage mat er dei med og passar dei små. 27 born deltok saman med mor/far og det vart arrangert 15 samlingar.

FRIVILLEGE MEDARBEIDARAR:

Astrid Breisnes, Else Berit Værn, Barbro Ness, Gunhild Børtnes, Ingeborg Ugulsvik, Marit Velle, Gerd Haugen, Ingerda Fossen, Gro Skogli, Sunneva Husabø, Guro Henjesand, Målfrid Reppen

Skulestart for 6-åringane vart som vanleg markert med gudsteneste 18.august, kvelden før første skuledag. Dette var ei fin markering, der det å skulle byrja på skulen stod i fokus, og at tida på skulen skal verta ei god oppleving. På denne samlinga vart også aktivitetshäftet til «Mi kyrkjebok 6» delt ut. 20 av 23 inviterte deltok.

4-åringane fekk utdelt «Mi kyrkjebok 4» på hausttakkefesten. 14 av 20 inviterte deltok. Familiesøndag med middag i kyrkjelydshuset først.

Tårnagent-helg for 8-åringar er eit felles trusopplæringstiltak for alle 5 sokna i Sogndal og Leikanger. Hovudfokus på dette arrangementet er å møta åtteåringen, at han/ho skal føle seg heime, få utforske tårnet og læra om kristne symbol. Ein tårnagent får i oppdrag å sjå etter og gjera det gode for seg sjølv, andre og skaparverket - slik bibelen fortel oss. I 2019 vart denne helga arrangert i

i Ølmheim kyrkje 19.oktober med 25 tårnagentar og 12 englevakter tilstades. 5 av deltakarane kom frå Leikanger-

11-årsbibel: 10. februar vart det delt ut «Bibelen-ei vandring gjennom den store forteljinga». 13 av 20 inviterte møtte. Familiesøndag med pizza i kyrkja før gudstenesta var ein suksess. Flinke konfirmentar hjelpte til med utdeling av bøker under bønevandringa.

LysVaken: Me hadde Lys Vaken i Leikanger Kyrkje helga 23. - 24. november 2019. Me starta kl 18.00 laurdagskvelden. 7 av 12 deltakarar tilhøyrande Leikanger sokn. Avslutta med frukost og familiegudsteneste søndagen. Lys Vaken-gjengen deltok som medliturgar, og det var bønevandring med nattverd.

KYRKJESEKK:

Soknerådet tilbyr ein «Kyrkjesekk», som er ein «barnekrok», som ungane kan ta med seg i kyrkjebenken. I sekken finn dei litt forskjellig; teiknesaker, bøker, rosiner osv. Heimestrikka labbar finn dei og, som dei kan ha på seg om dei vil bevege seg litt i kyrkja.

BARNEHAGE/SKULE - KYRKJE SAMARBEID

I løpet av eit år er det ein heil del kontaktpunkt mellom barnehagane og kyrkja og skulane og kyrkja, både i kyrkja og i barnehagen eller på skulen. Døme på slike møtepunkt er:

BARNEHAGANE

Det er tradisjon for at presten og andre kyrkjelege tilsette kjem på besøk i barnehagane til påskesamling og lunsj, like før påske. Då har ein fellessamling der påskeforteljinga blir fortalt, ein syng påskesongar og snakkar om påska. Denne samlinga er det prest eller kyrkjeleg tilsett som har ansvaret for. Det er stor stas å få komma på besøk, og me blir alltid veldig godt mottekne av både små og store når me kjem!

Når våren kjem, og blomstrane er på sitt finaste, då møtest alle barnehagane i kyrkja for å halda Blomstergudsteneste. Då kjem borna med mykje blomster som dei har plukka på vegen og vil pynta i kyrkja med. Ei enkel gudsteneste med klokkeringing, mykje song, forteljing, lystenning og velsigning.

I desember blir dei eldste i barnehagane inviterte til julevandring i kyrkja. På denne vandringa møter me englane på Betlehemsmarka, gjetarane og dyra deira. Me kjem heilt fram til Betlehem, der me tenner lysa i adventsstaken og syng før me går vidare saman med Josef og Maria, til stallen der Jesusbarnet er født. Juleevangeliet blir lese heilt til slutt. Alle som deltek på denne vandringa, både born og vaksne, får ulike rollar og blir kledd i kostymar. Under vandringa syng me kjende julesongar og lyttar til orgelmusikk.

SKULANE:

Gjennom skuleåret er ulike klassetrinn på besøk i kyrkja, gjennom KRLE-undervisninga. Presten har vore på besøk på ungdomsskulen, ein gong saman med helsesøster om temaet sorg og ein gong for å informere om og invitere til konfirmasjon.

I desember lagar 1. klassingane englar, som pyntar juletreet i kyrkja kvart år.

Både barneskulen og ungdomsskulen har skulegudstenester i kyrkja før jul.

ETTER SKULETID

Ungdomsprest Andreas Danbolt har hatt ei aktivitetsgruppe i Kyrkjelydshuset for konfirmantane som ein del av konfirmantopplegget. Dette er eit tilbod som er ope for alle på ungdomstrinnet. Innhald på samlingane er lekser, felles leik, spel, kiosk m/varm mat, andakt m.m.

KONFIRMASJONSFØREBUINGA

Det er soknerådet som er ansvarleg for konfirmantopplegget. Ungdomsprest Andreas Danbolt og sokneprest Vegard Bondevik Lie har ansvaret for undervisninga, som i stor grad har vore på laurdagssamlingar saman med konfirmantar frå Kaupanger, Fjærland, Norum og Stedje sokn. Samlingane varer frå kl 10 til 14 og har ein god variasjon i

undervisningsform. I januar var alle med på leir på Lyngmo ei helg. Alle konfirmantane var også med på heimegrupper.

Takk for innsatsen til alle som har vore frivillige i konfirmantopplegget i 2019. På våren var konfirmantane med på aktivitetsgrupper. Ei av dei er m.a. ungdomstilbodet «Etter skuletid» på kyrkjelydshuset.

Det var 28 som vart konfirmert pinsedag 9.juni.

34 nye konfirmantar vart presentert hausten 2019. Undervisninga føregår no på ettermiddagane tysdag og torsdag som hovudrytme. I september var konfirmantane på «Skaparverkstur» i Sogndalsdalen, og i desember førebudde og gjennomførde dei lysmessa 2. søndag i advent.

Konfirmantane er med som medhjelparar og gudstenestedeltakarar under gudstenester. Dei får mange lovord for den fine måten dei utfører oppgåvene sine på.

Foreldre gjer eit stort dugnadsarbeid med køyring, baking og som medhjelparar på ulike arrangement.



FOREININGAR

KYRKJERINGANE

Dei tre kyrkjeringane har hatt sine månadlege møte, med fellessamling i april og desember. Desse var leiarar/kontaktperson i kyrkjeringane:

Ytre: Synneva Husabø

Midtre: Sigrid Gjøringbø

Indre: Ingeborg Ugulsvik

Kyrkjeringane har gjennom mange år vore gode støttespelarar for kyrkja. I 2019 samla dei inn midlar som skal gå til dei planlagde nye putene i kyrkjebenkane.

ANNA FRIVILLEG VERKSEMD

Bibelgruppe: Liv Eldholm

Holum misjonslag: Ella Lunde

Leikanger Normisjon: Marit Askeland og Jorunn Kvalsvik Aase

Misjonssambandet: Gunveig Tjønn

LEIKANGER KYRKJELYDSBLAD

Kyrkjelydsbladet kjem med 3 nummer i året: Før påske, tidleg haust og til jul. Sigrid Svartefoss er redaktør og har hatt med seg i redaksjonsnemnda Åse Kongsvik, Sindre Børsheim Ramung og Hege Feet Askvik. Redaksjonelle medarbeidarar har vore Kirsti Svangstu og Signe Eikenes. Elianne Eggum syter for design, medan Systrond damekor tok seg av distribusjon. Bladet har ein god økonomi og verkar bli lest og sett pris på. Sjå eige rekneskap for bladet.

KYRKJELYDSHUSET

Kyrkjelydshuset er eit godt hus for kyrkjelyden, og det vert nytta til både faste og sporadiske arrangement i kyrkjelyden. I tillegg er det i bruk ved dåp, gravferder og konfirmasjon. Det er sett opp vaktmeisterteneste frå månad til månad, og desse gjer, saman med sláttekarane, ein god og viktig jobb.

I 2019 vart det realisert mellom anna vidare tiltak for energiøkonomisering, utviding og oppgradering av kjøkken, ny tilkomst frå austsida som gjer at vilkår om universell utforming er fylt. Ein del av midlane til dette kom frå Sparebankstiftinga og var på 50000 kroner.



Arbeidet vart gjort både med innleigde tenester frå lokale handverkarar og med ein solid dugnadsinnsats, leia av Kolbjørn Nord i husstyret.

7. november gjekk den tradisjonelle basaren til inntekt for Kyrkjelydshuset av stabelen, og huset var fullsett av folk i alle aldrar. Svært mange bidrog med gåver og heimebakst. Resultatet vart kr ca 35000. Jorunn Fosse Fidjestøl, Tone Britt Myklebust, Johannes Ugulsvik og Bjørg Anda hadde hovudansvaret for gjennomføringa av basaren.

I tillegg vart det arrangert ein basar våren 2019 i regi av Johannes Uguslvik. Han fekk inn mange flotte premiar og samla fullt hus første helga i april. Resultatet vart nesten 50000 kr som kom vel med etter oppussing og ombygging av kjøkenet.



VAKTMEISTERTENESTE:

Kristen Askeland, Marit Askeland, Torbjørn Aase, Berit Grinde, Anja Hamre, Soleana Giuseppe, Solveig Yttri, Knut Haukeland, Gerd Midtun, Bjørg Anda, Linda G. Grinde

SLÅTTEARBEID:

Frå mai til oktober vert graset slått. Det er som regel to personar i sving per gong. Desse har stått på lista i 2019: Gerd Haugen, Kristen Askeland, Bjarne Nes, Kjell Erik Strand, Arne Røyrvik, Knut Haukeland, Jon Solheim, Torstein Svedal, Henry Neverdal, Jon Henjum, Jan Helge Furre, Oddvar Lundheim.

PERSONALSITUASJONEN

PRESTETENESTA

Vegard Lie Bondevik - sokneprest i Leikanger og Norum.

MEDARBEIDARAR

Cristina Sandor - klokkar/kyrkjetenar og reinhaldar

Hallgeir Øgaard - kontor

Monica Ugulsvik - trusopplærer - hadde permisjon frå mai 2019

Birte Husum - tilsett som vikar for Monica i 2019

Andreas Danbolt - ungdomsprest

KYRKJA

Det vart i 2019 gjort oppgradering av innreiinga i sakristiet. Tom Sølve Myklebust, Vegard Bondevik Lie, Hallgeir Øgaard og Cristina Sandor hadde ansvar for dette. Kyrkjeringane hadde løyvd midlar til innkjøp av skåp og anna nødvendig utstyr.

VIDARE PLANAR:

Det trengst etterkvart nye puter til kyrkjebenkane. Kyrkjeringane jobbar med å finansiera dette.

KYRKJEGARDANE OG BÅREHUSET

Bårehuset er planlagt rehabilitert og arbeidet var klart til å starta opp etter sommaren 2019, men vart sett på vent som følgje av kommunesamanslåinga.

Den årvisse dugnaden på kyrkjegarden var 25.april, godt leia av Knut Grinde. 18 personar møtte fram og gjorde ein stor og viktig innsats. Etter arbeidsøkta var det kaffi og prat ved kyrkjetrappa.

Johannes Henjum har også i 2019 bistått kyrkjekontoret med oppmåling og merking av både graver og minnesteinar på begge kyrkjegardane.



ØKONOMI

LEIKANGER KYRKJELYD, «INNSAMLING MIDLAR»

Ved ofringar kom det totalt inn kr 102507 , av dette kr 28407 til eige kyrkjelydsarbeid.

Fasteaksjonen: kr 28735 (lagt i innsamlingsbøssene, i tillegg kjem det som blei betalt inn sentralt av folk på Leikanger gjennom overføringar til konto, Vlpss- og SMS-betaling)

Givarteneste: kr 7 800

Det vert elles vist til rekneskapen.

Leikanger 1. mars 2020

For Leikanger sokneråd:

Åse Kongsvik

Leiar

